

Gjestebodet med innspel til kommunal kulturminneplan.

01.10.2020



Bygdetunet Rød er eit kulturminne, som Gjestebodet bed kommunen som eigar syna ansvar for med vedlikehald, drift og utvikling.

Eit gjestebod på fem personar var samla torsdag kveld for å gje innspel til ny kommunal kulturminneplan. Kulturminne er spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet, lokalitetar med historiske hendingar. Det kan også vera minne mellom annna knytta til tradisjonar, skikkar, stadnamn, handverk, krigsminne. Gruppa set kulturminne i communal eige på topp og bed kommunen syna meir ansvar for Bygdetunet Rød og Haugland skulemuseum.

Bøkkerverkstaden er i privat eige. Gjestebodet bed kommunen koma fram til ny avtale med eigar, for å sikra eit unikt kulturminne for komande generasjonar.

Den vedtaksfreda Kapteinsgarden, bygd i 1776, er eit høgt prioritert kulturminne i Uskedalen. Huset i bergensk empirestil ligg vakkert til på nedre Fet, godt synleg frå hovudvegen gjennom bygda. Offisersbustaden med hageanlegg og mur skil seg ut frå all annan arkitektur i Uskedalen. Det er i sommar utført vedlikehald der deler av taket er renovera. Kapteinsgarden er i privat eige og framtidig drift og utvikling må avklarast med eigar og Riksantikvar. Kapteinsgarden ligg i eit kulturhistorisk tun, godt vedlikehalde og teke vare på.



Vonheim er eit av fleire lagshus i Uskedalen.

Tre private motorsamlingar er noko som særkjenner Uskedalen. Det er samlingar mellom anna knytta til traktorar, anleggsmaskinar, bilar og andre motoriserte køyrety. Det ligg store investeringar og eit omfattande arbeid bak innsamling og det å ta vare på samlingar som krev stor plass til lagring og mekanisk vedlikehald.



Kulturminne er spor etter menneske i landskapet, t.d. ein steingard.

Skilting og formidling er ei anna viktig oppgåve. Mange bygder har langt betre kultur- og naturminneskilting enn det vi finn i Uskedalen. Det er skilt som både går på buplasser, arbeidsliv og fornminne, ofte med gode oversiktskart. Det finst gode skiltmalar for slike tiltak.

Arbeidsgruppa var innom det meste av det som sorterer under kulturminne i Uskedalen. Her nemner vi berre:

- Fornminne - gravhaugane frå eldre og yngre jarnalder
- Gardstun i privat eige som t.d. Fjellandsbø, Skorpo, nedre Fet.
- Stølsminne, kulturminne i utmark, fiskeplassar, fiskemerke
- Spor i landskapet etter eldre busetnad som t.d. husmannsplassar
- Krigsminne: Bautateinen, revolverkanona, kringsminnesmerke på Stemneplassen
- Industriminne: Kraftutbygging, hermetikkindustri, sanddrift m.m.
- Samferdsle: Bruer, gamle ferdslevegar, stabbesteinlar
- Fartyvern
- Bygningsvern, mellom anna lagshusa Helgheim, Vonheim, Bedehuset og Gammeskulen
- Uskedal kyrkje frå 1914
- Hyttekulturen på Mannsvatnet
- Minnestoff, skriftleg dokumentasjon, namnebruk, tradisjon og tru
- Privat arkiv, særleg frå nedlagde lag/organisasjonar og verksemder. Det er avleveringsplikt på offentleg arkivmateriale, ikkje privat arkiv.
- Formidling: Temadagar, museumsdagar, bygdevandringar, skilting og informasjonstavler, artiklar i sogeskrift, lokalavisar og på nettet

I Gjestebodet var Audun Eik, Astrid Haugland, Ståle Eik, Atle Thoresen og Kristian Bringedal

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kapteinsgarden frå 1776, bygd i bergensk empire stil, er i privat eige. Huset er vedtaksfreda.